



Til: Kunnskapsdepartementet

Frå: Fagleg råd for helse- og oppvekstfag (FRHO)

## INNSPEL TIL STORTINGSMELDING OM LIVSLANG LÆRING OG UTENFORSKAP

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag (FRHO) har følgjande innspel til den varsle stortingsmeldinga.

Vi viser også til dialogkonferanse i regi av Kunnskapsdepartementet 4. mai 2015 med utsendt bakgrunnsnotat i forkant og som det blir referert til her. Vi viser også til notat av 28. november 2014 til Kunnskapsdepartementet fra ”Den partssammensatte oppfølgingsgruppen for Samfunnskontrakt for fleire læreplasser” og til NIFU-rapport 2015/16 «Yrkesutdanning med svak forankring i arbeidslivet» kapittel 3.

Innspellet er avgrensa til å gjelde tilhøve av relevans for det ein med eit samlebegrep kan kalle helse- og oppvekstsektoren, men som består av fleire separate tenester. Det som karakteriserer desse tenestene er for det første at dei er personellintensive og at etterspurnaden etter arbeidskraft vil auke i åra framover. For det andre er ein stor del av dei sysselsette utan relevant utdanning – i pleie- og omsorgstenestene utgjer desse i overkant av 25 prosent, noko som tilsvarer over 60 000 personar (Kjelde: SSB). For det tredje er deltidsarbeid svært utbreitt. Til det siste er det også å seie at dei med lavast eller inga utdanning er dei som har dei minste stillingane og såleis ei marginalisert tilknyting til arbeidslivet med alt det medfører med omsyn til kompetanseutvikling, løn, pensjonsrettar o.a.

Det er fleire grupper som er skissert i det nemnte bakgrunnsnotatet frå KD som er aktuelle for arbeid i helse- og oppvekstsektoren, med tilhøyrande behov for kvalifisering. Det kan vere personar med behov for omskolering pga. helsemessige årsaker eller nedbemannning og t.d. innvandrarar med lite utdanning og svake norskunnskapar. I dette innspellet har vi valt å fokusere på dei som allereie arbeider i sektoren med manglar formell relevant utdanning.

Konkret betyr det å få kvalifisert personell utan formell kompetanse i helse- og omsorgstenestene til **helsefagarbeidar** og tilsvarande personell innan barnehage, SFO, skole o.a. til **barne- og ungdomsarbeidar**.<sup>1</sup>

FRHO har i lang tid arbeidd for at det må utviklast opplæringstilbod for vaksne utan formell kompetanse som er tilpassa helse- og oppvekstsektoren. Tilboda må vere berekraftige og byggje på opparbeidd kunnskap mellom anna gjennom forsøket ”Fagbrev på jobb”. Sjå [www.vox.no](http://www.vox.no) for sluttrapport.

<sup>1</sup> FRHO har ansvar for fag- og yrkesopplæringa; problemstillingar som gjeld høgre utdanning fell utanfor rådets ansvarsområde og blir derfor ikkje berørt her.

Det er i dag to alternative vegar til fag- eller sveinebrev for vaksne; lærlingordninga og praksiskandidatordninga.<sup>2</sup> Den siste er den mest brukte, og er ei dokumentasjonsordning retta mot vaksne som kan dokumentere minst fem års allsidig arbeidserfaring innan eit fag, jf. opplæringslova § 3-5.

Særleg innan helse- og omsorgssektoren med sin utstreckte bruk av deltidsarbeid har denne ordninga sine klare svakheiter. Arbeidstakrar utan formell kompetanse må bruke uforholdsmessig lang tid til å «shoppe vakter» og samle timer for å kunne fylle kravet. I tillegg har fylkeskommunane ulik praksis i tolkinga av regelverket som gjer vegen fram mot fagbrev uoversiktleg og uforutsigbar. Tida som blir brukt til å samle timer kunne med fordel vore brukt på **målretta opplæring og praksis** for å heve kompetansen og gjere vedkomande klar for å ta fagprøva.

**FRHO har i alle samanhengar der det har vore drøfta tatt til orde for ei forutsigbar og læringsintensiv opplæringsordning som er fleksibel nok til å møte den enkeltes behov, men som ikkje er tilfeldig ut frå ulik fylkeskommunal fortolking slik situasjonen er for mange i dag.**

Det er eit pågående arbeid i regi av Udir der ein vurderer eventuell endring av praksiskrava i praksiskandidatordninga. Det kan sikkert vere gode grunnar til endring også av praksiskandidatordninga, men vi drøftar ikkje desse endringsforsлага her då vi i denne samanhengen tek til orde for ein **ny opplæringsmodell for vaksne** som er noko vesentleg anna enn den dokumentasjonsordninga som ligg til grunn for praksiskandidatordninga.

I rapporten frå VOX som oppsummerer forsøket «Fagbrev på jobb» blir ein **ny modell** skissert. FRHO meiner ein bør ta utgangspunkt i denne skissa men at den må modifiserast noko. Elementa som ligg til grunn er imidlertid godt forankra i erfaringane frå forsøket og bør leggjast til grunn vidare. Desse er:

- 1) Krav om relevant praksis i forkant av opplæringa: Det er lagt til grunn at kandidaten må ha minimum eitt års relevant praksis og vere tilsett i minimum 50 prosent stilling gjennom heile opplæringsløpet. Rådet ser at det kan vere grunn til å drøfte dette nærmare.
- 2) Deretter kjem realkompetansevurdering og individuelt tilpassa opplæring på bakgrunn av denne.
- 3) Rettleia opplæring på arbeidsplassen slik at kandidaten kan behalde inntekt og tilsettingsforhold i perioden
- 4) God oppfølging av arbeidsplassen og kandidaten frå fylkeskommunen.
- 5) Modellen foreslår også fritak frå skriftleg eksamen Vg3, ulikt praksiskandidatordninga. FRHO meiner at ein ikkje bør ha fritak frå skriftleg eksamen Vg3.
- 6) Fritak frå fellesfag, som i praksiskandidatordninga må diskuterast nærmare. Det er ein prosess på gang med mål om betre og meir yrkesretting av fellesfaga som FRHO ser fram til resultatet av. Rådet meiner at fleire av fellesfaga er særskilt relevante i t.d. helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Andre er kanskje ikkje fullt så nødvendige og kan for dei som ikkje har tidlegare utdanning vere svært krevjande.

---

<sup>2</sup> Sjå gjennomgang av ordningane i ovannemnde notat av 28.11.14

Dei vaksne som arbeider som assistenter i helse- og oppvekstsektoren i dag er ei meir heterogen gruppe med omsyn til erfaring og utdanning enn tidlegare. Mange har vidaregåande opplæring frå før og har såleis «mista» retten til vidaregåande opplæring. Personar mellom 20 og 25 år som er i eit «vakuum» mellom ungdomsrett og vaksenrett. Systemet rundt rett til vidaregåande opplæring må endrast for å større grad kunne møte kompetansebehov vaksne (og arbeidslivet) har.

Ein kan diskutere om dei modellane FRHO og andre foreslår eigentleg er mogleg å gjennomføre innanfor dagens regelverk og med å ta i bruk fleksibiliteten som eksisterer i lærlingordninga. Basert på fleire års erfaring med dei ulike ordningane, særleg i helsesektoren, er vårt standpunkt at det ikkje let seg gjere – anten årsakene er av rettsleg eller praktisk art. Vårt standpunkt er at heller ikkje lærlingordninga er optimal for vaksne med erfaring frå sektoren, sjølv om ein kan få visse fritak for tidlegare praksis og utdanning. Det siste er særleg på grunn av utfordringar knytt til finansiering av livsopphald, men også krava til fellesfag representerer eit hinder for gjennomføring for mange. Krav til fellesfag er som nemnt noko som bør diskuterast nærmare i eit meir overordna perspektiv.

Det finst andre målgrupper som er aktuelle for arbeid i helse- og oppvekstsektoren, utan eit tilsettingsforhold og tidlegare erfaring, og som treng tilpassa opplæringsløp som vi ikkje har drøfta her. Vi viser m.a. til prosjektet «Menn i helse» i regi av KS og Helsedirektoratet og ulike prosjekt som har som formål å betre innvandrar sine muligheter på arbeidsmarknaden.

FRHO vil understreke at ein på ingen måte ønskjer å svekke krava til fagbrev – tvert om. Men vi meiner dagens ordningar er suboptimale både frå eit fagleg og individuelt perspektiv. Rådet tek ikkje til orde for enklare ordningar for tilsette innan helse- og oppvekstsektoren slik enkelte hevdar, men det er på den andre sida ikkje rett at det skal vere vanskelegare å nå målet om fagbrev i denne delen av arbeidslivet enn i andre - sjølv om det gjeld kvinnedominerte sektorar der deltidsarbeid dessverre framleis er normalen.

Til sjuande og sist handlar dette ikkje berre om kompetanseheving for den enkelte og for arbeidsplassen, men **om kvalitet i velferdstenestene og sikkerheit for alle brukarar**. I helsesektoren er tillit til yrkesgruppene sett på som avgjerande viktig og er noko av bakgrunnen for at vi har ei autorisasjonsordning for 29 personellgrupper, m.a. helsefagarbeidarar. **FRHO ønskjer ikkje endringar som bidreg til å svekke legitimiteten til dei yrkesutøvarane det her er snakk om.**

31.05.2015

Tonje Thorbjørnsen, leiar FRHO